

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Julenissen

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Uvdal

Emne: Julenissen

Bygdelag: Kyrkjebygda

Oppskr. av: Anna Samuelsen

Gard: Skogheim

(adresse): Uvdal

G.nr. 61 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eige røynsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Om Julenissen har me ikkje mykje aa fortelja ifraa Uvdal og eg kan trygt seia fraa heile Numedal. Det var fyrst gjennom julekort, julehefter, tidsskrifter, bøker eller forretningsreklame at den fyren vart kjend heruppe.

2.

Paa den maaten vart det ikkje julegaver fraa den kanten.

3.

Ingen kledde seg daa ut som julenisse, det kan treffe no i dei seinare aar og julenissen bør daa helst vara liten og laaghalt.

4.

Rød topluve høirer no med og helst ei fotsid kappe av kva som fins, men helst med ein rød skjerv, og heilsjegg av jeiteragg er no populert veit du.

5.

Somme masker lager dei sjøl og somme kjøper dei.

6.

Det er helst naar ein gaa julebukk det vert bruka julenissemaske. Dei siste aara er det vanleg at ein gut ell' jente kler seg ut som julebukk og ber julegave til Ungan i huset, men daa har kvart hus sin julenisse som er bestilt fyreaat av husens folk.

Ein almindeleg julebukk deiler aldrig ut julegaver for av dei er det for det medte eit heilt reip som jeng fraa gard til gard mest heile grenda igjennom.

8.

Noko samband med tuften og julenissen er det ikkje for tuften har aldrig vore aktuell her i bygde, gamle folk kan ikkje hukse at nokon trudde paa den og aldrig fekk hagn han graut paa laaven her i bygde.

9.

Julegaver som kom paa ein merkeleg maate har me ikkje hatt ikkje hatt heller ikkje vart sko utsett av ungan.

Men istella for juleniss har me her hatt "Draugen"

Det var nok ei ann nevning for Aasgaardreien. For Draugen ikkje skulde skade dyran maatte det juleeftan krøssas aav aaver alle baasan med tjerekors og hestane var det tryggast aa henje staa aaver, hadde dei eitpar gamle sabla aa henje i krøss aaver speltøje var no det aller tryggaste. Men om den historia høire heime her veit eg ikkje, det er kanskje eit kapittel for seg sjøl som kjem seinare.

slutt

5207